



Seljord Kommune  
Flatdal skule

# Trivsel - og ordensreglar for Flatdal skule, leksehjelp

## Mål:

På Flatdal skule skal alle elevar ha eit trygt og godt læringsmiljø.

## Difor skal vi:

- Ikkje forstyrr kvarandre, alle skal ha arbeidsro
- Møte med rett utstyr til rett tid
- Halde ro og orden i klasserommet og i garderobane
- Bruke innestemme og gå i gangane, ikkje springe
- Uteklede og sko skal stå/henge på den einskilde sin garderobeplass
- Oppføre oss fint og vere høflege – vi skal ikkje mobbe!
- Halde mobiltelefonar avslått i sekken
- Ta vare på utstyr og inventar – også det som høyrer medelevar og personalet til
- La godteri bli att heime
- Bruke skulen sine datamaskiner og internett slik læraren seier vi skal
- Vere inne på leksehjelp til klokka er 15.00. Dersom vi er ferdig med leksene, kan vi bruke resten av tida på fritidslesing.
- Vere forsiktige når vi går eller sykklar heim frå leksehjelp. Elevar på 1.-4. trinn bør sykle i lag med ein vaksen. Hugse hjelm om du sykklar. Det er føresette som avgjer om eleven kan sykle til skulen eller ikkje.

## Bryt ein elev reglane, kan fylgjene bli:

- Samtale og åtvaring
- Eleven må ringe heim og fortelje kva han/ho har gjort/melding heim og samtale med foreldre
- Eleven må rydde/reparere og erstatte det som er øydelagd
- Bortvising frå leksehjelp  
(§ 2-9, 4. ledd, og § 2-10 i Opplæringslova samt reglane om sakshandsaming i forvaltningslova.)

## **Kommunikasjon heim - skule**

For å få ein trygg skule med eit godt læringsmiljø, er me avhengige av godt samarbeid og kommunikasjon mellom elevar, skule og føresette.

- Meldingsboka skal nyttast når eleven ikkje skal på leksehjelp
- Når ein elev startar på leksehjelp, blir eleven og dei føresette orientert om kva for reglar som gjeld
- Skulen ynskjer ein open og god dialog mellom elevar, heim og skule

Me har lese gjennom trivsel - og ordensreglane som gjeld på leksehjelp.

---

Elev

---

Føresett

